

Årsmelding for Vikøy sokneråd 2024



Foto: Frankie Andrianaivo



Foto: Torild Granhaug, Kirkesøk.no

Vikøy sokneråd i 2024:

Vetle Karlsen Eide (sokneprest)
Astrid Helleve Fylkesnes (leiar)
Solfrid Storaker Lindøy (nestleiar)
Gudrun Skeie Langeland (sekretær)
Erling Lyngset (kasserar)
Tove Fjell
Magne Kolstad

Varamedlemmer:

Brynhild Eide
Helene Flakstad Oma
Randi Valland Eide

Soknerådsarbeidet i 2024

Soknerådet har hatt 7 soknerådsmøte og 7 arbeidsutvalsmøte i 2024, fire møte på våren og tre på hausten. 45 små og store saker er blitt handsama. Av saker me har hatt fokus på, kan nemnast:

- Satsingsområde for kyrkjelyden, kva ønskjer me i Vikøy sokn?
- Barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden/ trusopplæringa
- Føremiddagstreffa
- Ulike arrangement i regi av soknerådet og av soknerådet i samarbeid med andre

- Frivillig teneste i kyrkjelyden

Arbeidsutval:

Arbeidsutvalet for soknerådet har vore samansett av sokneprest, leiar og nestleiar. Kasserar vert kalla inn ved behov.

Soknerådet sine representantar i Kvam kyrkjelege fellesråd

Astrid Helleve Fylkesnes	– personleg vara: Erling Lyngset
Magne Kolstad	– personleg vara: Tove Fjell

Tilsette/staben i Vikøy sokn:

Kyrkjeverje/dagleg leiar:	Olav Skeie Lid
Sakshandsamar:	Inger Karin Tordal (80%)
Sokneprest:	Vetle Karlsen Eide
Kateket:	Mampion Andriamandimby
Trusopplærar/konfirmantleiar i Vikøy og i Øystese sokn:	Eivind Daniel Røed (50% ut august 2024)
Kyrkjelydspedagogar (vikarar):	Bryna Opdal (40%), Solfrid Storaker Lindøy (30%, vikar vår 2024), Solveig Lønning Sangolt (30% (haustsemesteret)
Organistar:	Sevinj Asgarova Øvrehus og Ulf Krupka (80%)
Kyrkjjetenar:	Franckie Mario Andrianaivo
Kyrkjegardsarbeidar:	Heine Ugletveit
Medarbeidar i kyrkja:	Bjørn Kåre Thorvaldsen
Klokkar:	Frivillig teneste ved Ingvill Sørheim, Elin Vestbøstad, Borghild Tufteland og Olav Skeie Lid

Frivillige medarbeidarar:

Om lag 50 personar deltek med frivillig arbeid i kyrkja i mange ulike oppgåver, som medhjelparar eller kyrkjevert i samband med gudstenestene, i song og musikk, frivillig medarbeidar i arbeid med diakoni og trusopplæring og andre oppgåver. Me treng fleire frivillige til å vere med i kyrkja. Dette ønskjer soknerådet å jobbe vidare med saman med staben.

Gudstenestelivet i kyrkjelyden (2023-tal står i parentes)

Det blei halde 33 (38) gudstenester på vanlege sundagar og heilagdaggar med til saman 3744 (4176) personar til stades. Det har vore halde 6 (2) gudstenester utanom sundagar og helgedagar med 1223 (252)

personar til stades. Totalt har det vore halde 39 (40) gudstenester med 4967 (4428) frammøtte. Av desse 39 gudstenestene har det vore 5 (6) hovudgudstenester særleg tilrettelagde for barn og tre for ungdom. Prestane held også jamleg andaktar på institusjon eller aldersheimar, til saman 20 (48) andaktar.

I 2024 er 16 (19) blitt døypte, og 21 (30) ungdommar blei konfirmerte. Også 8 (8) par er blitt vigde, og 39 (24) personar er blitt gravlagde.

Om lag 20 frivillige deltek som kyrkjevertar i samband med gudstenestene. Utanom soknerådet deltek Morten Langeland, Eva Kolstad, Hildegunn Skeie Sandven, Jarle Storli, Randi Vågen Storli, Lillian Sørheim, Henni L. Toft, Gullbjørg Knutsen, Elisabeth og Edmund Tolo.

Trusopplæringa

I Kvam er det god oppslutnad om trusopplæringstiltaka. Det er svært gledeleg! Etter år med korona og vakanse i stillingane, var 2024 eit år der stillingane igjen var bemanna. Det gjorde at tiltak som tidlegare har vore ute, vart arrangerte igjen.



I samband med dåp har presten dåpssamtale med alle som døyper borna sine. Vår og haust 2024 arrangerte kyrkjelyden babysong og småbarnstreff (1-6 år). På småbarnstreff møter det i gjennomsnitt 15. Babysong er eit felles tiltak for alle sokna i Kvam, og frå Vikøy sokn deltok 21 born med foreldre på desse samlingane.

På vårparten 2024 vart det arrangert «Krølletreff», her møtte det opp 18 3-åringar. Hausten 2024 var det utdeling av 4-årsbok på familie-gudsteneste. 21 born tok i mot boka. På desse tiltaka er det ei forsamling i tillegg til gudsteneste. Det vart også arrangert skulestartgudstenesta for 6-åringar, her kom det 13 born.

Tårnagent og Legoklubb vart arrangert igjen, etter å ha vore ute på grunn av mangel på mannskap. Det er gledeleg! På Tårnagent møtte 18 born og på Legoklubben 32 born. Me inviterte også til Kyrkjekino for 7. trinn 10. mars, her møtte det 6 born.

Hausten 2024 blei det igjen arrangert Vennefest 31. oktober. 103 born var registrert, og i tillegg møtte veldig mange foreldre og mange frivillige. Det var ein flott kveld med yrande liv i kyrkja! Kvelden starta med ei samling i kyrkjesalen med andakt i tillegg til Blime- song og dans, etterpå var det mange ulike aktivitetar rundt omkring i kyrkja og kafé i kyrkjelydssalen. Arrangementet krev mykje organisering. Det er soknerådet

i Vikøy i samarbeid med staben som står for Vennefesten. Det kjem flest frå Vikøy sokn, men også mange møter frå andre sokn i Kvam.

I november møtte 23 spente 5. klassingar opp til Lys Vaken-samling med overnatting i kyrkja. Kvelden gjekk med til både leik, bibelfortelling, sporløp, lyktelaging og gudstenesteverkstad. Søndag feira me gudsteneste saman, og Lys vaken gjengen bidrog med tekstlesing, bøn, song og preike. Etter gudstenesta vart alle invitert til kyrkjekaffi i kyrkjelydssalen.

Soknerådet ønskjer at det skal vere søndagsskule i kyrkja. I 2024 har Elin Vestbøstad, Ingvill Sørheim og Solfrid Storaker Lindøy tatt ansvar for søndagsskule-samlingar. Det har som regel vore ein liten gjeng med dåpsborn og andre born som har møtt opp, men på samlinga på 1. påskedag lånte me Norheimsund barnehage, og den vart fylt opp med både born og vaksne. Me gler oss over at me kan invitere til søndagsskule i kyrkja igjen!



Me nemner også kateketen og kyrkjelydspedagogen sitt arbeid i møte med mange born i barnehage og skule. I 2024 var det både påskevandring og krybbevandring for barnehagegrupper i Norheimsund barnehage, FUS barnehage og Tørvikbygd barnehage. Det vart også arrangert skulegudstenester til jul. Norheimsund Friskule tok også initiativ til samarbeid om påskegudsteneste i Norheimsund kyrkje før påska 2024.

I soknet blir det elles drive mykje godt barne- og ungdomsarbeid. Her vil ein spesielt trekkje fram Origo ungdomsklubb og Junior-Ving i tillegg til barnekoret Shine og Norheimsund og Øystese Ungdomskor. Soknerådet har også i 2024 vore med å støtta NØUK med midlar til dirigentutgifter. Shine deltok på Lys Vaken i november, og Ungdomskoret deltok på lysmessa hausten 2024.

Skuleåret 2023-2024 hadde Vikøy sokn 21 konfirmantar. Konfirmantane møtest jamleg frå september til mars til undervisningsøkter i Norheimsund kyrkje. I tillegg har konfirmantane møtt på gudstenester. I vinterferien 2024 fekk dei vere med på KRIK-konfirmantleir på Framnes. Det seiast at det var ein svært kjekk leir med gode møte og kjekke aktivitetar. Før påske samarbeida soknerådet med konfirmantane om Fasteaksjonen for Kirkens Nødhjelp, det var samla inn både i kontantar og på Vipps. Soknerådet laga også til konfirmantfest etter samtalegudstenesta med middag og enkel underhaldning. Her var både konfirmanten og føresette inviterte og det vart godt oppmøte og ei fin samling.

I konfirmantkullet 2024/25 er det 48 konfirmantar. Dei har også delteke som kyrkjevertar, det har vore ei fin oppleving å ha konfirmantane med på dette.

Trusopplæringstiltaka har behov for frivillige medarbeidarar. Soknerådsmedlemer er med som frivillige, me ønskjer å få fleire med i dette viktige og gode arbeidet.

Diakonalt arbeid

Føremiddagstreffa har også i 2024 vore eit samarbeid mellom kyrkjelydane i Øystese og Vikøy. Frå Vikøy sokn sit Erna Tveitnes og Arvid Strømme, frå Øystese Eli Kvarv og Kirsten Melstveit, i tillegg har Roar Strømme og Vetle Karlsen Eide vore med. Det vert arrangert om lag eit treff i månaden, vekselvis i Øystese og Norheimsund. Det har vore 30 - 35 deltakarar på arrangementa, og med eit variert og spennande program med både lokale og inviterte gjester frå andre stader. I juni vart det arrangert tur til Røldal med pilegrimsprest Einar Vegge som gjest.



Også i 2024 har Kyrkjeklubben vore samla til månadlege samlingar. Ein har først ei kort gudsteneste og deretter kveldsmat. Det er god oppslutnad om desse samlingane, om lag 30 tek del kvar gong. I samband med gudstenesta fastelavenssundag, der Kyrkjeklubben deltek, har kyrkja i samarbeid med kommunen sendt ut brev med personleg invitasjon. Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi med fastelavnsbollar. Dette er blitt eit av høgdepunkta i kyrkjeåret for mange! Frivillige medarbeidarar i Kyrkjeklubben frå Vikøy sokn er Gudrun Skeie Langeland og Hildegunn Skeie Sandven. Våren 2024 var også Ellinor Lilleås Schaufel frivillig medarbeidar i kyrkjeklubben.

Dei som hadde mista nokon siste året, vart spesielt inviterte til gudsteneste helgemessesøndag i Vikøy kyrkje. Mange møtte opp for å vere med på denne gudstenesta.

Vikøy sokneråd hadde i 2024 også ein samarbeidsavtale med KIA (Kristent interkulturelt arbeid). Kvar torsdag gjennom skuleåret var det samlingar for nye i Kvam gjennom KIA med Tor Håkon Berge i spissen. Samlingane var i Norheimsund kyrkje på ettermiddagstid, like etter skuledagen på Vaksenopplæringa. I desember arrangerte KIA, Norheimsund indremisjon og språktreffet på biblioteket ein julefest i Norheimsund bedehus som avslutning for semesteret.

Kulturkomitèen

Kulturkomitèen i Vikøy sokn var aktiv også i 2024. I mars var det besøk av Garness som hadde konserten «Gåten om korset». I mai var kulturkomitèen medarrangør på seminaret «Tru, undring og mystikk i Jon Fosse sine tekstar» i samband med Fossedagane. Christine Hamm, og Rolv Nøtvik Jakobsen hadde foredrag

og Roar Strømme leia ein samtale mellom dei etter foredraga. Sevinj og Olav bidrog med musikk. Hausten 2024 var det fire arrangement. Bjørn Sortland var på besøk i september og i samband med boka «Moster iz da thing». Arrangementet var del av den kulturelle skulesekken og eit samarbeid med kulturskulen og biblioteket. I oktober var det to arrangement. Helge Simonnes var på besøk med foredraget «Trump, Gud og kirken», her samarbeidde me med Folkeakademiet og biblioteket. Seinare fekk me høyre Irene Kinunda Afriyie med foredraget «Ubuntu- eg er fordi du er». Dette arrangementet var del av Kvammaveko. I november var temaet «Stilla som veg til Jesus Kristus», Per Øystein Opdal delte erfaringar frå retreat med kyrkjelyden.

Alle arrangementa hadde godt oppmøte. Dessverre kolliderte Garness-konserten med konsert i Norheimsund bedehus. Me vil gjere alt for å unngå liknande kollisjonar. Elles er ser me det som svært gledeleg og fruktbart at me kan samarbeide med andre aktørar. Når me samarbeider deler me både arbeid og utgifter, me får nye impulsar, samtidig som me kan nå endå fleire.

I 2024 var Helga Sørhus, Sverre Lindøy, Tove Fjell, Vetle Karlsen Eide og Astrid Helleve Fylkesnes med i komitèen (til august 2024). Frå august 2024 var også Ragna Helene Soldal og Oddbjørn Vestbøstad med i komitèen.

Familiemiddagar

Hausten 2024 inviterte soknerådet til familiemiddagar i kyrkja ein gong i månaden. Invitasjonar gjekk ut til familiar knyta til barnehagane i Norheimsund. Soknerådet vil gjerne ha eit liknande tilbod for barnefamiliar, men ser at det må organiserast på ein annan måte om det skal vere aktuelt på eit seinare tidspunkt.

Onsdag 18 BØN

Onsdag 18 BØN er ei bønegruppe som samlast kvar onsdag kl. 18 i kyrkja for å be for kyrkje og bedehus, for lokalsamfunnet, landet og verda og for misjon og forfølgde kristne i verda. Mellom fem og åtte personar pleier kome til bønesamlinga kvar veke. Bønegruppa tok initiativ til bøneweke for kristen einskap på nyåret 2024. Saman med Norheimsund indremisjon vart det laga ein komitè som arbeidde med innhaldet i bøneweke. Gudsteneste og bønelivet er puls-slaga i kyrkja. Soknerådet er svært glade for dei faste bønesamlingane, og me gler oss over at me kan samarbeide på tvers av forsamlingar og kyrkjесamfunn i Kvam om bøneweke. Det er Borghild Tufteland som leiar arbeidet med Onsdag 18 bøn og som også har stått i spissen for bøneweke.

Misjonsarbeid

Ulike misjonsorganisasjonar er representerte med foreiningar og anna verksemd i soknet vårt. Kyrkjelyden støttar arbeidet med kyrkjeofringar og forbøn. Soknerådet har ein samarbeidsavtale, SMM-avtale, med HimalPartner. Me har forplikta oss til å orientera om og be for arbeidet dei driv. Kyrkjelyden vil spesielt hugsa på misjonærar som er ute for HimalPartner. I tillegg har ein jamleg orientering om arbeidet

HimalPartner driv gjennom Kyrkjelydsbladet. Minst fire gonger i året blir det teke opp takkoffer til HimalPartner. Me er takksame for dei midla som vert samla inn og som me ser blir nytta til ulike tiltak som HimalPartner støttar.

18. august hadde kyrkjelyden utsendingsgudsteneste for Jeanine Heide og Jon Nedkvitne som jobbar i Thailand for Sjømannskirken. Etterpå var det kyrkjekaffi med mange helsingar og informasjon om arbeidet i Pattaya. Me vil vere med å hugse Jon og Jeanine i bønene våre.

Dugnader

Soknerådet arrangerte dugnader i mai utanfor begge kyrkjene. Det var mykje rydding, raking, klipping og luking, slik at kyrkjeparkane ser fine ut. I Vikøy vart i tillegg kyrkja vaska. Soknerådet er svært takksame for den store innsatsen som vart lagt ned.

Me skulle gjerne hatt eigne dugnadskomitèar som hadde stått i spissen for dette arbeidet.

Kyrkjemusikalsk arbeid

Kantorane deltek i planlegging av gudstenester og det kyrkjemusikalske arbeidet. I tillegg er andakter på Toloheimen og Tolo omsorg viktig i kantorane si teneste. I samband med gudstenester hentar dei av og til inn lokale krefter som tek del i gudstenestene, særleg i samband med høgtider. 14. april var det ei ungdomsgudsteneste i samarbeid med Framnes -elevar, der Framnes elevane stilte med eige band Heims musikklag deltok på gudstenesta 18. august. I november deltok Shine på LysVaken. Me vil også nemne gudstenesta 17. november som var ei Taize-gudsteneste der mykje av det kyrkjemusikalske var henta frå Taize-fellesskapet. Lisa Hisdal song på gudstenesta julaftan 2024. Me hadde også musikalsk besøk frå Bergen, Frelsesarmèen sitt hornorkester deltok på gudsteneste på vårparten.

Kyrkja i Norheimsund er mykje brukt som konsertlokale for både kor og korps. I 2024 har det vore 6 konsertar med ulike eksterne arrangørar i kyrkjene våre, både lokale og tilreisande, i tillegg har det vore tre konsertar arrangert av kyrkjelyden. Her kan me nemne Ulf Krupka Trio som hadde konserten «Salmer som jazz – og jazz som salmer» i april. Garness sin påskekonsert er allereie nemnt. NØUK hadde også sin påskekonsert i kyrkja, og før jul hadde dei julekonserten sin her. I tillegg har andre lokale krefter hatt konsertar i kyrkja.

Soknerådet sin økonomi

Soknerådet sin økonomi er stabil. Soknerådet lenge har over fleire år jobba med å skaffe projektor til Norheimsund kyrkje. Denne er no kjøpt inn og montert. Dette har er naturlegvis ei stor utgift, og er årsaka til at me i år har eit negativt årsresultat på 60 360. Me legg elles merke til at det har vore ein nedgang i inntekter på ofringar dei siste tre åra.

Kort oppsummering

Det er gledeleg å sjå at kyrkja gjennom året er fylt av menneske og at det er ein kyrkjelyd med mange rom, og tilbod til mange ulike grupper i soknet vårt. Kyrkja er eit samlingspunkt i alle fasar i livet, i glede og i sorg, til gudstenester og bøn, til konsertar, temakveldar og til fellesskap med kvarandre. Det er små fellesskap og det er store hendingar. Me ynskjer at alle skal kjenne seg velkomne i kyrkja vår. Soknerådet er svært takksame for den flotte staben som jobbar i kyrkja i Kvam og for alle dei gode frivillige medarbeidarane våre som er med å gjere Vikøy sokn til ei levande kyrkje for alle som bur her.

Norheimsund, 08.03.2025

For Vikøy sokneråd,

Astrid Helleve Fylkesnes (leiar)